

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 874/2004**2017/EØS/51/02**

av 28. april 2004

om fastsetjing av allmenne retningslinjer for gjennomføringa av og verkemåten til toppnivådomenet .eu, og om prinsippa for registrering(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 733/2002 av 22. april 2002 om innføring av toppnivådomenet .eu⁽¹⁾, særleg artikkel 5 nr. 1,

etter samråd med registereininga i samsvar med artikkel 5 nr. 1 i forordning (EF) nr. 733/2002 og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Dei innleiande fasane av innføringa av toppnivådomenet .eu som skulle opprettast i medhald av forordning (EF) nr. 733/2002, er vortne avslutta ved utpeikinga av eit organ innanfor Fellesskapet med status som eige rettssubjekt, som skal administrere og forvalte registerfunksjonen i toppnivådomenet .eu. Registereininga som er peika ut ved kommisjonsvedtak 2003/375/EF⁽²⁾, skal vere ein ideell organisasjon som bør drive verksemda si og yte tenester til overkommelege prisar som dekkjer kostnadene deira.
- 2) Det bør vere mogleg å søkje om eit domenenamn ved ein elektronisk framgangsmåte som er enkel, rask og effektiv, på alle offisielle språk i Fellesskapet og gjennom akkrediterte registrarar.
- 3) Registrarar bør akkrediterast av registereininga på ein måte som sikrar rettviss og open konkurranse mellom registrarane. Akkrediteringa bør utførast på ein objektiv og open måte som ikkje inneber skilnadshandsaming. Berre partar som oppfyller visse grunnleggjande tekniske krav som vert fastsette av registereininga, bør kunne akkrediterast.
- 4) Registrarar bør berre godta søknader om registrering av domenenamn som er sende inn etter at dei er vortne akkrediterte, og bør sende dei vidare i den rekkjefølgja dei er mottekne.
- 5) For å sikre betre vern av forbrukarrettane og utan at det rører ved fellesskapsreglane for jurisdiksjon og gjeldande lovgjeving, bør lovgjevinga i ein av

medlemsstatane nyttast i tvistar om fellesskapstitlar mellom registrarar og søkjarar som ønskjer å registrere domenenamn.

- 6) Registrarar bør krevje nøyaktige kontaktopplysningar frå kundane sine, til dømes fullt namn, heimeadresse, telefonnummer og e-postadresse i tillegg til opplysningar om den fysiske eller juridiske personen som er ansvarleg for den tekniske drifta av domenenamnet.
- 7) Registereininga bør fremje bruken av alle dei offisielle språka i Fellesskapet.
- 8) I medhald av forordning (EF) nr. 733/2002 kan medlemsstatane be om at det offisielle namnet og det namnet som vanlegvis vert nytta på medlemsstaten, ikkje skal kunne registrerast direkte under toppnivådomenet .eu av andre enn dei nasjonale styresmaktene deira. Statar som er venta å slutte seg til Den europeiske unionen etter mai 2004, bør kunne sperre det offisielle namnet og det namnet som vanlegvis vert nytta på staten, slik at dei kan registrerast på eit seinare tidspunkt.
- 9) Ein medlemsstat bør ha rett til å peike ut ein aktør som kan registrere det offisielle namnet og det namnet som vanlegvis vert nytta på medlemsstaten, som domenenamn. Likeeins bør Kommisjonen ha rett til å velje domenenamn som fellesskapsorgana kan nytte, og peike ut ein aktør som handsamar desse domenenamna. Registereininga bør få fullmakt til å reservere visse særskilde domenenamn for driftsfunksjonane sine.
- 10) I samsvar med artikkel 5 nr. 2 i forordning (EF) nr. 733/2002 har ei rekkje medlemsstatar sendt over til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane ei avgrensa liste over allment godkjende namn som gjeld geografiske og/eller geopolitiske omgrep som har innverknad på den politiske eller territoriale organiseringa deira. Desse listene omfattar namn som anten ikkje kan registrerast eller som berre kan registrerast under eit hovuddomenet, i samsvar med dei allmenne retningslinjene. «Førstemann til mølla»-prinsippet gjeld ikkje dei namna som er førte opp i desse listene.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 162 av 30.4.2004, s. 40, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 85/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 56.

⁽¹⁾ TEF L 113 av 30.4.2002, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 128 av 24.5.2003, s. 29.

- 11) «Førstemann til mølla»-prinsippet bør vere grunnprinsippet for løysing av tvistar mellom innehavarar av eldre rettar under den stegvise registreringa. «Førstemann til mølla»-prinsippet bør nyttast ved tildeling av domenenamn etter at den stegvise registreringa er avslutta.
- 12) For å verne eldre rettar som er godkjende etter fellesskapsretten eller nasjonal lovgjeving, bør det innførast ein framgangsmåte for stegvis registrering. Stegvis registrering bør skje i to fasar for å sikre at innehavarar av eldre rettar får tilstrekkeleg høve til å registrere dei namna som dei har eldre rettar til. Registereininga bør sikre at rettane vert kontrollerte av utpeikte kontrollørar. Kontrollørane bør vurdere den retten til eit særskilt namn som det vert gjort krav på, på grunnlag av prov som søkjarane legg fram. Vidare bør tildelinga av dette namnet skje etter «førstemann til mølla»-prinsippet dersom det er to eller fleire domenenamnsøklarar som har eldre rettar til namnet.
- 13) Registereininga bør inngå ei høveleg deponeringsavtale for å sikre kontinuitet i tenestene og særleg sikre at det er mogleg å yte tenester til det lokale Internett-fellesskapet med minst mogleg forstyrningar i tilfelle ei ny oppnemning eller andre uventa omstende. Registereininga bør òg etterleve dei aktuelle reglane, prinsippa, retningslinjene og beste praksis for datasikring, særleg med omsyn til mengda og typen data som vert vist i «WHOIS»-databasen. Domenenamn som av ein domstol i ein medlemsstat vert rekna for å vere ærekrenkande, rasistiske eller i strid med offentleg orden, bør sperrast og seinare tilbakekallast når rettsavgjerda vert endeleg. Slike domenenamn bør sperrast for framtidig registrering.
- 14) Dersom innehavaren av eit domenenamn døyr eller vert insolvent og det ikkje er sett i gang noka overføring innan utgangen av registreringsperioden, bør domenenamnet suspenderast i 40 kalenderdagar. Dersom arvingane eller dei aktuelle forvaltarane ikkje har registrert namnet i løpet av den perioden, bør det verte tilgjengeleg for allmenn registrering.
- 15) Domenenamn bør i visse særskilde tilfelle kunne tilbakekallast av registereininga etter at den aktuelle innehavaren av domenenamnet har fått høve til å gjere høvelege tiltak. Domenenamn bør òg kunne tilbakekallast gjennom ein framgangsmåte for alternativ tvisteløysing.
- 16) Registereininga bør nytte ein framgangsmåte for alternativ tvisteløysing som tek omsyn til den beste internasjonale praksisen på dette området, og særleg dei relevante tilrådingane frå Verdsorganisasjonen for immaterialrett (WIPO), for så langt som råd er å unngå spekulasjon og misbruk når det gjeld registrering.
- 17) Registereininga bør velje tenesteytarar som har høveleg sakkunne, på grunnlag av kriterium som er objektive, oversiktlege og som ikkje inneber skilnadshandsaming. Den alternative tvisteløysinga bør følgje eit minstemål av einsarta sakshandsamingsreglar som svarar til dei som ICANN (Internet Corporation for Assigned Names and Numbers) har fastsett i den einsarta framgangsmåten for tvisteløysing (Uniform Dispute Resolution Policy).
- 18) Med tanke på den komande utvidinga av Unionen bør dei allmenne retningslinjene som er fastsette i denne forordninga, straks ta til å gjelde.
- 19) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå det kommunikasjonsutvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 22 nr. 1 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF⁽¹⁾ —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

KAPITTEL I

FØREMÅL

Artikkel 1

Føremål

I denne forordninga er det fastsett allmenne retningslinjer for innføringa av og verkemåten til toppnivådomenet .eu og allmenne prinsipp for registrering som nemnt i artikkel 5 nr. 1 i forordning (EF) nr. 733/2002.

KAPITTEL II

PRINSIPP FOR REGISTRERING

Artikkel 2

Kvalifiserte søkjarar og allmenne prinsipp for registrering

Kvalifiserte søkjarar i samsvar med artikkel 4 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr.733/2002 kan registrere eitt eller fleire domenenamn under toppnivådomenet .eu.

⁽¹⁾ TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

Utan at det rører ved kapittel IV skal bruksretten til eit særskilt domenenamn tildelast den kvalifiserte søkjaren som er den første som registereininga har motteke søknad frå, på teknisk riktig måte og i samsvar med denne forordninga. I denne forordninga skal kriteriet med første motteke søknad kallast «førstemann til mølla»-prinsippet.

Så snart eit domenenamn er registrert, skal det vere utlgjengeleg for ytterlegare registrering fram til registreringa går ut utan å ha vorte fornya eller fram til domenenamnet vert tilbakekalla.

Med mindre det er opplyst om noko anna i denne forordninga, skal domenenamn registrerast direkte under toppnivådomenet .eu.

Registreringa av domenenamn er gyldig først etter at søkjaren har betalt den avgifta som krevst.

Domenenamn som er registrerte under toppnivådomenet .eu, kan berre overførast til kvalifiserte søkjarar som har rett til å registrere .eu-domenenamn.

Artikkel 3

Søknader om registrering av domenenamn

Søknader om registrering av domenenamn skal innehalde alle dei følgjande opplysningane:

- a) namn og adresse til søkjaren,
- b) ei elektronisk stadfesting frå søkjaren om at han oppfyller dei allmenne søkjarkrava som er fastsette i artikkel 4 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002,
- c) ei elektronisk fråsegn frå søkjaren om at søknaden om registrering av domenenamn så langt han veit, er gjort i god tru og ikkje krenkjer nokon av rettane til tredjemann,
- d) ei elektronisk fråsegn frå søkjaren om at han vil rette seg etter alle registreringsvilkåra, medrekna retningslinjene for utanrettsleg tvisteløysing som er fastsette i kapittel VI.

Alle feilaktige opplysningar knytte til føresegnene under bokstav a) til d) vert rekna som brot på registreringsvilkåra.

Eventuelle kontrollar av om søknadene om registrering er gyldige, skal utførast av registereininga etter registreringa, anten på registereininga sitt initiativ eller som følge av ein tvist om registreringa av det aktuelle domenenamnet; dette gjeld ikkje for søknader som er sende inn i løpet av den stegvisse registreringa som er fastsett i artikkel 10, 12 og 14.

Artikkel 4

Akkreditering av registrarar

Berre registrarar som er akkrediterte av registereininga, kan tilby registrering av namn under toppnivådomenet .eu.

Framgangsmåten for akkreditering av registrarar skal fastsetjast av registereininga og skal vere rimeleg, oversiktleg og ikkje innebere skilnadshandsaming, og skal sikre verksame og like konkurransevilkår.

Registrarar skal ha tilgang til og nytte dei automatiske registreringssystema til registereininga. Registereininga kan fastsetje ytterlegare grunnleggjande tekniske krav til akkrediteringa av registrarar.

Registereininga kan be registrarar om å betale registreringsavgifta på førehand, og denne avgifta skal fastsetjast av registereininga éin gong i året på grunnlag av ei realistisk vurdering av marknaden.

Registereininga skal syte for at framgangsmåten, akkrediteringsvilkåra for registrarar og lista over akkrediterte registrarar vert stilte til rådvelde for ålmenta på ein lett tilgjengeleg måte.

Kvar registrar skal gjennom ei avtale med registereininga plikte seg til å etterleve akkrediteringsvilkåra og særleg dei allmenne prinsippa som er fastsette i denne forordninga.

Artikkel 5

Føresegner om registrarar

Utan at det rører ved reglane for jurisdiksjon og gjeldande lovgjeving, skal det i avtalar mellom ein registrar og ein innehavar av eit domenenamn ikkje kunne fastsetjast at gjeldande lovgjeving skal vere noko anna enn lovgjevinga i ein av medlemsstatane, og det skal heller ikkje kunne peikast ut eit tvisteløysingsorgan med mindre dette organet er valt ut av registereininga i medhald av artikkel 23, og heller ikkje ein skilsdomstol eller ein domstol utanfor Fellesskapet.

Ein registrar som mottek fleire søknader om registrering av det same namnet, skal sende desse søknadene vidare til registereininga i den rekkjefølgja dei vart motteke i.

Berre søknader som er motteke etter akkrediteringsdatoen, skal sendast vidare til registereininga.

Registrarar skal krevje at alle søkjarar legg fram nøyaktige og pålitelege kontaktopplysningar om minst éin fysisk eller juridisk person som er ansvarleg for den tekniske drifta av det domenenamnet som søknaden gjeld.

Registrerar kan innføre ordningar for merking, autentisering og tillitsmerking for å fremje forbrukarane sin tillit til at dei opplysningane som er tilgjengelege under eit domenenamn som er registrert i samsvar med gjeldande nasjonal lovgjeving og fellesskapsrett, er pålitelege.

KAPITTEL III

SPRÅK OG GEOGRAFISKE OMGREP

Artikkel 6

Språk

Registrering av .eu-domenenamn kan først ta til når registereininga har informert Kommissjonen om at søknader om registrering av .eu-domenenamn og meldingar om registreringsavgjerder kan sendast inn på alle offisielle språk i Fellesskapet, heretter kalla «offisielle språk».

Registereininga skal syte for at alle meldingar frå ho som påverkar rettane til ein part i samband med ei registrering, til dømes tildeling, overføring, sletting eller tilbakekalling av eit domene, kan gjevast på alle offisielle språk.

Ved registrering av domenenamn skal registereininga nytte alle bokstavane i alfabeta til dei offisielle språka når høvelege internasjonale standardar vert tilgjengelege.

Registereininga har ikkje plikt til å nytte andre språk enn dei offisielle språka i arbeidet sitt.

Artikkel 7

Framgangsmåte for reserverte geografiske og geopolitiske namn

Med omsyn til framgangsmåten for å gjere innvendingar mot listene over allment godkjende namn i samsvar med artikkel 5 nr. 2 tredje leddet i forordning (EF) nr. 733/2002, skal innvendingar meldast til medlemmer av det kommunikasjonsutvalet som er oppnemnt ved artikkel 22 nr. 1 i direktiv 2002/21/EF, og til generaldirektøren for Generaldirektoratet for informasjonssamfunnet i Kommissjonen. Medlemmene av kommunikasjonsutvalet og generaldirektøren kan peike ut andre kontaktpunkt for desse meldingane.

Innvendingar og utpeikingar av kontaktpunkt skal sendast over i form av elektronisk post, med bod eller overleverast ved personleg oppmøte, eller sendast som rekommandert brev med mottakingsprov.

Når registereininga har handsama ei eventuell innvending, skal ho offentleggjere to lister med namn på nettstaden sin. Den eine lista skal innehalde dei namna som Kommissjonen har gjeve melding om at ikkje kan registrerast. Den andre lista skal innehalde dei namna som Kommissjonen har gjeve melding til registereininga om at berre kan registrerast under eit hovuddomene.

Artikkel 8

Namn på statar og alfa-2-kodar for statar

Medlemsstatane (og tilmeldingsstatane) kan be om at det offisielle namnet og det namnet som vanlegvis vert nytta på staten på eitt eller fleire av dei offisielle språka (i Fellesskapet etter utvidinga i mai 2004), ikkje skal kunne registrerast direkte under toppnivådomenet .eu av andre enn dei nasjonale styresmaktene deira. Kvar medlemsstat (eller tilmeldingsstat) skal difor innan to månader etter at denne forordninga har teke til å gjelde, sende over til Kommissjonen ei liste over dei namna som skal reserverast, og peike ut det organet som skal representere dei nasjonale styresmaktene ved registreringa av namna.

Kommissjonen skal gje registereininga melding om dei namna som skal reserverast, og dei organa som representerer dei nasjonale styresmaktene ved registrering av namna.

Kandidatstatar som ikkje kjem til å slutte seg til Den europeiske unionen i mai 2004, og ikkje-medlemsstatar som er medlemmer av Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, kan be om at det offisielle namnet deira og det namnet som vanlegvis vert nytta på staten på deira eige språk og på dei offisielle språka frå mai 2004, ikkje skal kunne registrerast direkte under toppnivådomenet .eu. Desse statane kan difor innan to månader etter at denne forordninga har teke til å gjelde, sende over til Kommissjonen ei liste over dei namna som ikkje skal registrerast.

Kommissjonen skal gje registereininga melding om dei namna som ikkje skal registrerast.

Alfa-2-kodar for statar skal ikkje nyttast til registrering av domenenamn direkte under toppnivådomenet .eu.

Artikkel 9

Hovuddomenenamn for geografiske og geopolitiske namn

Ein medlemsstat som har gjeve melding om namn på geografiske og geopolitiske omgrep, kan ta avgjerder om registrering av desse som domenenamn i samsvar med artikkel 5 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002. Dette kan gjerast under alle domenenamn som denne medlemsstaten har registrert.

Kommisjonen kan be registreininga om å registrere domenenamn som skal nyttast av fellesskapsorgana og -institusjonane, direkte under toppnivådomenet .eu. Etter at denne forordninga har teke til å gjelde og seinast éi veke før den stegvise registreringsperioden som er fastsett i kapittel IV, tek til, skal Kommisjonen gje registreininga melding om kva namn som skal reserverast, og kva organ som representerer fellesskapsorgana og -institusjonane ved registreringa av namna.

KAPITTEL IV

STEGVIS REGISTRERING

Artikkel 10

Kvalifiserte søkjarar og namn som kan registrerast

1. Både innehavarar av eldre rettar som er godkjende eller fastlagde etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, og offentlege organ, skal kunne søkje om registrering av domenenamn i ein periode med stegvis registrering, før den allmenne registreringa av .eu-domenet tek til.

«Eldre rettar» skal omfatte mellom anna registrerte nasjonale varemerke og registrerte fellesskapsvaremerke, geografiske nemningar eller opphavsnemningar, og såframt dei er verna av den nasjonale lovgjevinga i den medlemsstaten der rettane gjeld, uregistrerte varemerke, handelsnamn, føretaksnemningar, føretaksnamn, slektsnamn og karakteristiske titlar på verna litterære og kunstnarlege verk.

«Offentlege organ» skal omfatte fellesskapsorgan og -institusjonar, nasjonale, regionale og lokale styresmakter, statlege organ, offentlegrettslege administrative einingar, organisasjonar og organ og internasjonale og mellomstatlege organisasjonar.

2. Registrering på grunnlag av ein eldre rett skal omfatte registrering av det fullstendige namnet som den eldre retten gjeld for, slik det står i dokumentasjonen som viser at ein slik rett eksisterer.

3. Registreringa av eit offentleg organ kan omfatte det fullstendige namnet på det offentlege organet eller det akronymet som vanlegvis vert nytta. Offentlege organ som er ansvarlege for forvaltninga av eit særskilt geografisk område, kan òg registrere det fullstendige namnet på det området som dei er ansvarlege for, og det namnet som vanlegvis vert nytta på området.

Artikkel 11

Spesialteikn

Med omsyn til registrering av fullstendige namn som inneheld fleire ord eller delar av ord som er skilde frå kvarandre med mellomrom, skal dei same namna som vert skrivne med bindestrek mellom orddelane eller samanskrivne i eitt ord, reknast for å vere identiske med det fullstendige domenenamnet som det er søkt om.

Når eit namn som er omfatta av ein eldre rett, inneheld spesialteikn, mellomrom eller skiljeteikn, skal desse fjernast frå det tilsvarande domenenamnet, bytast ut med bindestrekar eller om mogleg skrivast om.

Dei spesialteikna og skiljeteikna som er nemnde i andre leddet, skal omfatte:

~ @ # \$ % ^ & * () + = < > { } [] \ / : ; ' , . ?

Dersom eit namn som er omfatta av ein eldre rett, inneheld bokstavar som har tilleggssteikn som ikkje har nokon ASCII-kode, til dømes ä, é eller ñ, skal dei bokstavane som det gjeld, skrivast utan desse teikna (til dømes a, e, n) eller dei skal bytast ut med ein vanleg godkjend stavemåte (til dømes ae), utan at det rører ved tredje leddet i artikkel 6. I alle andre tilfelle skal domenenamnet vere identisk med tekst- eller orddelane i det namnet som er omfatta av ein eldre rett.

Artikkel 12

Prinsipp for stegvis registrering

1) Den stegvise registreringa skal ikkje starte før 1. mai 2004 og berre når kravet i første leddet i artikkel 6 er oppfylt og den fristen som er nemnd i artikkel 8, har gått ut.

Registreininga skal offentleggjere datoen for når den stegvise registreringa skal starte, minst to månader på førehand og melde frå til alle akkrediterte registrarar om dette.

To månader før den stegvise registreringa tek til, skal registreininga offentleggjere på nettstaden sin ei detaljert utgreiing om alle dei tekniske og administrative tiltaka som ho skal nytte for å sikre ei korrekt, rettferdig og teknisk forsvarleg gjennomføring av den stegvise registreringsperioden.

2. Den stegvise registreringsperioden skal vare i fire månader. Den allmenne registreringa av domenenamn skal ikkje starte før den stegvise registreringsperioden er avslutta.

Den stegvise registreringa skal gjerast i to steg på to månader kvar.

I den første delen av den stegvise registreringa kan det berre søkjast om domenenamn som er registrerte nasjonale varemerke og registrerte fellesskapsvaremerke, geografiske nemningar og dei namna og akronyma som er nemnde i artikkel 10 nr. 3, av innehavarar av eldre rettar eller lisenstakarar og av dei offentlege organa som er nemnde i artikkel 10 nr. 1.

I den andre delen av den stegvise registreringa kan søknadene om registrering av domenenamn omfatte både dei namna som kan registrerast i den første delen, og i tillegg kan innehavarar av eldre rettar søkje om domenenamn som byggjer på alle andre eldre rettar som dei har.

3. Søknaden om å registrere eit domenenamn på grunnlag av ein eldre rett i medhald av artikkel 10 nr. 1 og 2, skal innehalde ei tilvising til det rettslege grunnlaget for namneretten i den nasjonale lovgjevinga eller fellesskapsretten, i tillegg til andre relevante opplysningar, til dømes registreringsnummeret til varemerket, opplysningar om offentleggjering i eit offisielt kunngjeringsblad, opplysningar om registrering i yrkessamanslutningar, samanslutningar av føretak og handelskammer.

4. Registereininga kan fastsetje at det skal betalast ytterlegare avgifter for søknader om registrering av domenenamn på det vilkåret at desse avgiftene berre vert nytta til å dekkje dei kostnadene som følgjer av å nytte føresegnene i dette kapitlet. Registereininga kan krevje differensierte avgifter avhengig av kor kompleks framgangsmåten for kontroll av dei eldre rettane er.

5. Ved slutten av den stegvise registreringa skal det utførast ein uavhengig revisjon for registereininga si rekning, og resultatata skal sendast over til Kommisjonen. Revisoren skal oppnemnast av registereininga etter at ho har rådspurt Kommisjonen. Føremålet med revisjonen skal vere å stadfeste at registereininga har utført ei korrekt, rettvis og driftsmessig og teknisk forsvarleg gjennomføring av den stegvise registreringsperioden.

6. Tvistar om domenenamn skal løysast i samsvar med føresegnene i kapittel VI.

Artikkel 13

Val av kontrollørar

Kontrollørane skal vere juridiske personar som er etablerte innanfor fellesskapsterritoriet. Kontrollørane skal vere akta organ med høveleg sakkunne. Registereininga skal velje ut kontrollørane på ein objektiv og open måte som ikkje inneber skilnadshandsaming, og som sikrar størst mogleg geografisk spreiding. Registereininga skal krevje at kontrollørane utfører kontrollen på ein objektiv og open måte som ikkje inneber skilnadshandsaming.

Medlemsstatane skal syte for at dei namna som er nemnde i artikkel 10 nr. 3, vert kontrollerte. Medlemsstatane skal difor innan to månader etter at denne forordninga har teke til å gjelde, sende over til Kommisjonen tydelege opplysningar om kva adresser underlagsdokumenta skal sendast til for kontroll. Kommisjonen skal gje registereininga melding om desse adressene.

Registereininga skal offentleggjere opplysningar om kontrollørane på nettstaden sin.

Artikkel 14

Kontroll og registrering av søknader som er mottekne under den stegvise registreringa

Alle krav på eldre rettar i medhald av artikkel 10 nr. 1 og 2 må kunne stadfestast på grunnlag av underlagsdokument som viser retten i samsvar med den lovgjevinga han byggjer på.

Når registereininga har motteke søknaden, skal ho sperre det aktuelle domenenamnet fram til kontrollen er utført eller fram til fristen for å ta imot dokumentasjon har gått ut. Dersom registereininga tek imot fleire krav på det same domenet i løpet av den stegvise registreringsperioden, skal søknadene handsamast i rett kronologisk rekkjefølgje.

Registereininga skal gjere tilgjengeleg ein database med opplysningar om dei domenenamna som det er søkt om under den stegvise registreringa, og dessutan om søkjarane, registratoren som sende inn søknaden, fristen for innsending av underlagsdokumentasjon til kontrollen og seinare mottekne krav på namna.

Alle søkjarar skal sende inn underlagsdokument som viser at han eller ho er innehavar av den eldre retten til det aktuelle namnet som det vert gjort krav på. Underlagsdokumenta skal sendast til ein kontrollør som er peikt ut av registereininga. Søkjararen skal sende inn dokumenta slik at dei vert mottekne av kontrolløren innan 40 dagar etter at søknaden om domenenamnet er send inn. Dersom underlagsdokumenta ikkje er mottekne innan denne fristen, skal søknaden om domenenamnet avvisast.

Kontrollørane skal merke dokumentasjonen med mottakingstidspunktet.

Kontrollørane skal handsame søknadene om kvart domenenamn i den rekkjefølgja dei er mottekne av registereininga.

Den aktuelle kontrolløren skal undersøkje om den søkjaren som står for tur til å få søknaden om domenenamn handsama, og som har sendt inn underlagsdokument før fristen gjekk ut, har ein eldre rett til namnet. Dersom underlagsdokumenta ikkje er mottekne tidsnok eller kontrolløren kjem fram til at underlagsdokumenta ikkje godtgjer ein eldre rett, skal han gje registereininga melding om dette.

Dersom kontrolløren kjem fram til at det ligg føre ein eldre rett med omsyn til den søknaden om eit domenenamn som står for tur for handsaming, skal han likeins gje registereininga melding om dette.

Krava skal handsamast i kronologisk rekkjefølgje etter når dei vert mottekne, heilt til det vert funne ein eldre rett til det aktuelle namnet som det vert gjort krav på, som kan stadfestast av ein kontrollør.

Registereininga skal registrere domenenamnet etter «først til mølla»-prinsippet dersom ho kjem fram til at søkjaren har vist at han er innehavar av ein eldre rett i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i andre, tredje og fjerde leddet.

KAPITTEL V

RESERVERING, «WHOIS»-DATA OG REGISTRERING AV STØYTANDE NAMN

Artikkel 15

Deponeringsavtale

1. Registereininga skal for eiga rekning inngå ei avtale med ein akta forvaltar eller ein annan depositar som er etablert innanfor fellesskapsterritoriet, og peike ut Kommissjonen som føremonshavar i deponeringsavtala. Kommissjonen skal godkjenne avtala før ho vert inngått. Registereininga skal dagleg sende depositaren ein elektronisk kopi av det aktuelle innhaldet i .eu-databasen.

2. I avtala skal det fastsetjast at depositaren skal ta hand om opplysningane på følgjande vilkår:

- a) opplysningane skal takast imot og deponerast utan anna handsaming enn ein kontroll av at dei er fullstendige, konsistente og i rett format innan dei vert sende over til Kommissjonen,
- b) opplysningane skal frigjevast frå deponering når avtala mellom registereininga og Kommissjonen går ut og ikkje vert fornya eller når avtala vert oppheva av ein av dei grunnane som er førte opp i avtala, uavhengig av eventuelle tvistar mellom Kommissjonen og registereininga,
- c) dersom deponeringa vert oppheva, skal Kommissjonen ha ugjenkalleleg og royalty-fri enerett til å nytte alle rettar som er naudsynte for å peike ut ei ny registereining,

- d) dersom avtala med registereininga vert heva, skal Kommissjonen i samarbeid med registereininga gjere dei tiltaka som er naudsynte for å overføre det administrative og driftsmessige ansvaret for toppnivådomenet .eu og eventuelle finansielle reservar, til den parten som Kommissjonen peiker ut. I dette tilfellet skal registereininga gjere alt ho kan for å unngå stans i tenesta og særleg halde fram med å ajourføre dei opplysningane som er omfatta av deponeringsavtala, fram til overføringa er avslutta.

Artikkel 16

«WHOIS»-database

Føremålet med «WHOIS»-databasen er å stille til rådvelde rimeleg nøyaktige og ajourførte opplysningar om dei tekniske og administrative kontaktpunkta som forvaltar domenenamna under toppnivådomenet .eu.

«WHOIS»-databasen skal innehalde opplysningar om innehavaren av eit domenenamn som er relevante og avpassa i høve til føremålet med databasen. Dersom opplysningane ikkje er absolutt naudsynte i høve til føremålet med databasen, og dersom innehavaren av domenenamnet er ein fysisk person, skal han gje ei utvitydig godkjenning av dei opplysningane som skal offentleggjerast. Innlevering av feilaktige opplysningar, dersom dette er tilsikta, er tilstrekkeleg grunn til at registreringa av domenenamnet vert rekna som brot på registreringsvilkåra.

Artikkel 17

Namn som er reserverte av registereininga

Følgjande namn er reserverte for driftsfunksjonane til registereininga:

eurid.eu, registry.eu, nic.eu, dns.eu, internic.eu, whois.eu, das.eu, coc.eu, eurethix.eu, eurethics.eu, euthics.eu

Artikkel 18

Registrering av støytande namn

Dersom ein domstol i ein medlemsstat slår fast at eit domenenamn er ærekrenkande, rasistisk eller i strid med offentleg orden, skal registereininga sperre domenenamnet når ho får melding om rettsavgjerda, eller tilbakekalle det dersom det dreier seg om ei endeleg rettsavgjerd. Registereininga skal sperre dei namna som har vore gjenstand for ei slik rettsavgjerd, for framtidig registrering, så lenge rettsavgjerda gjeld.

*Artikkel 19***Dødsfall og avvikling**

1. Dersom innehavaren av domenenamnet dør i løpet av registreringsperioden til domenenamnet, kan testamentseksekutoren eller dei rettmessige arvingane til innehavaren søkje om at namnet vert overført til arvingane og leggje ved søknaden høveleg dokumentasjon. Dersom det ikkje er sett i gang noka overføring av domenenamnet innan utgangen av registreringsperioden, skal domenenamnet suspenderast i 40 kalenderdagar og offentleggjerast på nettstaden til registereininga. I løpet av denne perioden kan testamentseksekutoren eller dei rettmessige arvingane søkje om registrering av namnet og leggje ved søknaden høveleg dokumentasjon. Dersom arvingane ikkje har registrert namnet i løpet av denne perioden på 40 dagar, skal domenenamnet verte tilgjengeleg for allmenn registrering.

2. Dersom innehavaren av eit domenenamn er eit føretak, ein juridisk eller fysisk person eller ein organisasjon som i løpet av registreringsperioden til domenenamnet vert underlagd insolvenshandsaming, avvikling, opphøyr i verksemda, avvikling etter ei rettsavgjerd eller andre liknande prosedyrar i medhald av nasjonal lovgjeving, kan den offentleg oppnemnde forvaltaren til domenenamninnehavaren søkje om ei overføring til kjøparen av domenenamninnehavaren sine aktiva og leggje ved søknaden høveleg dokumentasjon. Dersom det ikkje er sett i gang noka overføring av domenenamnet innan utgangen av registreringsperioden, skal namnet suspenderast i 40 kalenderdagar og offentleggjerast på nettstaden til registereininga. I løpet av denne perioden kan forvaltaren søkje om registrering av namnet og leggje ved søknaden høveleg dokumentasjon. Dersom forvaltaren ikkje har registrert namnet i løpet av denne perioden på 40 dagar, skal domenenamnet verte tilgjengeleg for allmenn registrering.

KAPITTEL VI

TILBAKEKALLING OG TVISTELØYSING*Artikkel 20***Tilbakekalling av domenenamn**

Registereininga kan tilbakekalle eit domenenamn på eige initiativ utan utanrettsleg tvisteløysing, av desse grunnane:

a) det finst gjeld til registereininga,

b) innehavaren oppfyller ikkje dei allmenne søkjarkrava i medhald av artikkel 4 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002,

c) innehavaren oppfyller ikkje registreringsvilkåra i artikkel 3.

Registereininga skal fastsetje ein framgangsmåte som kan nyttast til tilbakekalling av domenenamn av desse grunnane. Denne framgangsmåten skal omfatte eit varsel til innehavaren av domenenamnet for å gje han høve til å setje i verk eigna tiltak.

Tilbakekalling av eit domenenamn og om naudsynt etterfølgjande overføring kan òg gjerast etter ei avgjerd teken av eit utanrettsleg tvisteløysingsorgan.

*Artikkel 21***Spekulasjon og misbruk når det gjeld registrering**

1. Eit registrert domenenamn skal tilbakekallast etter ein høveleg utanrettsleg eller rettsleg framgangsmåte når namnet er identisk eller lett kan forvekslast med eit namn som det er godkjent eller fastlagt ein rett til etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, til dømes dei rettane som er nemnde i artikkel 10 nr. 1, og der domenenamnet

a) er registrert av innehavaren utan at han har rett til eller ei rettkomen interesse i namnet, eller

b) er registrert eller vert nytta i vond tru.

2. Ei rettkomen interesse slik det er fastsett i nr. 1 bokstav a), kan liggje føre når

a) innehavaren av eit domenenamn, før eit eventuelt varsel om ein framgangsmåte for alternativ tvisteløysing, har nytta domenenamnet eller namn som svarar til domenenamnet, for å tilby varer eller tenester eller har gjort tydelege førebuingar for dette,

b) innehavaren av eit domenenamn, anten det er eit føretak, ein organisasjon eller ein fysisk person, har vore allment kjend under domenenamnet, sjølv om det ikkje er godkjent eller fastlagt ein rett til namnet etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten,

c) innehavaren av eit domenenamn nyttar namnet på ein rettmessig og ikkje-kommersiell eller rettvis måte utan å ta sikte på å villeie forbrukarar eller svekkje omdømet til eit namn som det er godkjent eller fastlagt ein rett til etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten.

3. Vond tru slik det er fastsett i nr. 1 bokstav b), kan ligge føre når

a) omstenda viser at domenenamnet vart registrert eller skaffa hovudsakleg for å selje, leige ut eller på annan måte overføre domenenamnet til ein innehavar av eit namn som det er godkjent eller fastlagt ein rett til etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, eller til eit offentleg organ,

b) domenenamnet er registrert for å hindre innehavaren av eit slikt namn som det er godkjent eller fastlagt ein rett til etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, eller eit offentleg organ, i å nytte dette namnet i eit tilsvarande domenenamn dersom

i) det kan påvisast eit slikt åtferdsmønster hjå domenenamnsøkjaren,

ii) domenenamnet ikkje er vorte nytta på ein relevant måte på minst to år frå datoen for registreringa, eller

iii) omstenda på det tidspunktet då den alternative tvisteløysinga vart innleidd, var slik at innehavaren av eit domenenamn som det er godkjent eller fastlagt ein rett til etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, eller innehavaren av eit domenenamn til eit offentleg organ, har gjeve fråsegn om at han ønskjer å nytte domenenamnet på ein relevant måte, men ikkje har gjort det innan seks månader frå den dagen då den alternative tvisteløysinga vart innleidd,

c) domenenamnet vart registrert hovudsakleg for å forstyrre forretningsverksemda til ein konkurrent,

d) domenenamnet med vilje vart nytta for forretningsmessig vinning til å lokke Internett-brukarar til nettstaden til ein domenenamminnehavar eller ei anna Internett-adresse, ved å skape ei mogleg samanblanding med eit namn som det er godkjent eller fastlagt ein rett til etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, eller med namnet til eit offentleg organ, og denne moglege samanblandinga kan føre til misforståingar med omsyn til opphavet, sponinga, tilknyttinga til eller godkjenninga av nettstaden eller adressa til domenenamminnehavaren eller av ei vare eller teneste på nettstaden eller adressa til domenenamminnehavaren, eller

e) det registrerte domenenamnet er eit personnamn og det ikkje kan påvisast noko tydeleg samband mellom innehavaren av domenenamnet og det registrerte domenenamnet.

4. Føresegnene i nr. 1, 2 og 3 kan ikkje gjerast gjeldande for å hindre krav i medhald av nasjonal lovgjeving.

Artikkel 22

Framgangsmåte for alternativ tvisteløysing

1. Alle partane kan innleie ein framgangsmåte for alternativ tvisteløysing dersom

a) registreringa er gjort med sikte på spekulasjon eller misbruk slik det er fastsett i artikkel 21, eller

b) ei avgjerd som registereininga har teke, er i strid med denne forordninga eller med forordning (EF) nr. 733/2002.

2. Innehavaren av eit domenenamn og registereininga har plikt til å ta del i den alternative tvisteløysinga.

3. Klagaren skal betale eit gebyr for den alternative tvisteløysinga.

4. Med mindre partane har avtalt noko anna eller noko anna er fastsett i registreringsavtala mellom registraren og innehavaren av domenenamnet, skal tvisteløysinga gjennomførast på det språket som vert nytta i registreringsavtala. Tvisteløysingsnemnda kan ta ei anna avgjerd med omsyn til denne føresegna, alt etter omstenda i saka.

5. Klagene og svara på klagene skal sendast til ein tenesteytar innanfor alternativ tvisteløysing som klagaren har valt frå den lista som er nemnd i artikkel 23 nr. 1. Innsendinga skal gjerast i samsvar med denne forordninga og dei utfyllande framgangsmåtane som tenesteytaren innanfor alternativ tvisteløysing har offentleggjort.

6. Så snart ein søknad om alternativ tvisteløysing er send inn til tenesteytaren innanfor alternativ tvisteløysing og gebyret er betalt, skal tenesteytaren opplyse registereininga om namnet på klagaren og det aktuelle domenenamnet. Registereininga skal syte for at det aktuelle domenenamnet ikkje kan slettast eller overførast før tvisteløysinga eller den etterfølgjande rettargangen er avslutta og avgjerda er meld til registereininga.

7. Tenesteytaren innanfor alternativ tvisteløysing skal undersøkje om klaga er i samsvar med sakshandsamingsreglane til tenesteytaren og med føresegnene i denne forordninga og i forordning (EF) nr. 733/2002, og, med mindre det ikkje er samsvar, sende klaga vidare til den innklaga innan fem vrykedagar etter at han har motteke gebyret frå klagaren.

8. Den innklaga skal sende eit svar til tenesteytaren innan 30 vyrkedagar etter at han har motteke klaga.

9. All skriftleg kommunikasjon til ein klagar eller ein innklaga skal gjerast i den forma som høvesvis klagaren eller den innklaga føretrekkjer; dersom ikkje noko er nemnt, skal kommunikasjonen skje elektronisk gjennom Internett på det vilkåret at han kan dokumenterast.

All kommunikasjon til innehavaren av eit domenenamn om den framgangsmåten for alternativ tvisteløysing som han er underlagt, skal sendast til den adressa som er tilgjengeleg for den registraren som handsamar registreringa av domenenamnet i samsvar med registreringsvilkåra.

10. Dersom partane i ei alternativ tvisteløysing ikkje svarer innan dei fristane som er fastsette, eller lèt vere å møte opp til ei høyring i nemnda, kan dette vere grunn til å gje motparten medhald.

11. Ved ei sak mot ein innehavar av eit domenenamn skal den alternative tvisteløysingsnemnda avgjere at domenenamnet skal tilbakekallast dersom ho kjem fram til at registreringa er gjort med sikte på spekulasjon eller misbruk som definert i artikkel 21. Domenenamnet skal overførast til klagaren dersom klagaren søker om dette domenenamnet og oppfyller dei allmenne søkjarkrava som er fastsette i artikkel 4 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002.

Ved ei sak mot registereininga skal den alternative tvisteløysingsnemnda avgjere om ei avgjerd som er teken av registereininga, er strid med denne forordninga eller med forordning (EF) nr. 733/2002. Den alternative tvisteløysingsnemnda skal i så fall oppheve avgjerda og kan i visse tilfelle avgjere at det aktuelle domenenamnet skal overførast, tilbakekallast eller tildelast på det vilkåret at, dersom det er naudsynt, dei allmenne søkjarkrava som er fastsette i artikkel 4 nr. 2 bokstav b) i forordning (EF) nr. 733/2002, er oppfylte.

Datoen for gjennomføringa av avgjerda skal fastsetjast i avgjerda frå den alternative tvisteløysingsnemnda.

Avgjerdene til nemnda skal takast med vanleg fleirtal. Den alternative tvisteløysingsnemnda skal ta ei avgjerd innan éin månad etter at ho har motteke svaret frå tenesteytaren innanfor alternativ tvisteløysing. Avgjerda skal vere tilbørleg grunngeven. Avgjerdene til nemnda skal offentleggjerast.

12. Innan tre vyrkedagar etter at tenesteytaren innanfor alternativ tvisteløysing har motteke avgjerda frå nemnda, skal han sende den fullstendige avgjerdsteksten til kvar einskild part,

den eller dei aktuelle registrarane og registereininga. Avgjerda skal sendast til registereininga og klagaren med rekommandert brev eller på ein tilsvarande elektronisk måte.

13. Resultata av den alternative tvisteløysinga skal vere bindande for partane og registereininga med mindre det er teke rettslege steg innan 30 kalenderdagar etter at det er gjeve melding til partane om resultatet av den alternative tvisteløysinga.

Artikkel 23

Val av tenesteytarar og medlemmer av den alternative tvisteløysingsnemnda

1. Registereininga kan velje tenesteytarar innanfor alternativ tvisteløysing, som skal vere akta organ med høveleg sakkunne, på ein objektiv og open måte som ikkje inneber skilnadshandsaming. Ei liste over tenesteytarar innanfor alternativ tvisteløysing skal offentleggjerast på nettstaden til registereininga.

2. Ein tvist som er bringa inn for alternativ tvisteløysing, skal undersøkjast av ei tvisteløysingsnemnd på éin eller tre medlemmer.

Nemndmedlemmene skal veljast ut i samsvar med dei interne framgangsmåtane til dei valde tenesteytarane innanfor alternativ tvisteløysing. Dei skal ha den høvelege sakkunna og skal veljast ut på ein objektiv og open måte som ikkje inneber skilnadshandsaming. Kvar tenesteytar skal halde ved lag ei offentleg tilgjengeleg liste over nemndmedlemmer og kvalifikasjonane deira.

Nemndmedlemmene skal vere upartiske og uavhengige og skal før dei aksepterer oppnemninga, gjere tenesteytaren merksam på alle tilhøve som kan reise rettkomen tvil om dei er upartiske eller uavhengige. Dersom det i løpet av tvisteløysingssaka kjem fram nye omstende som gjer at det kan reisast rettkomen tvil om ein nemndmedlem er upartisk eller uavhengig, skal denne nemndmedlemmen straks melde frå om dette til tenesteytaren.

I slike tilfelle skal tenesteytaren oppnemne ein ny medlem.

KAPITTEL VII

SLUTTFØRESEGNER

Artikkel 24

Iverksetjing

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 28. april 2004.

For Kommissjonen

Erkki LIIKANEN

Medlem av Kommissjonen
